

## Søknad

<b>Søknadsår</b>	2016	<b>Vår arkivsak:</b>
<b>Støtteordning</b>	Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	
<b>Prosjektnamn</b>	Støtte til YOU-messa i Nordhordland 2016	

### Kort beskriving

Dette er ei Yrkes- og utdanningsmesse for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy.

### Prosjektbeskriving

Messa er retta mot 9. og 10. klassetrinn i heile regionen, og i tillegg er alle elevane på Knarvik og Austrheim vgs. inviterte slik at dei kan knyte kontakt med Opplæringskontor, kommunar og bedrifter som treg framtidig kompetanse.

Messa er på ettermiddag/kveld og går over 2 dagar 29. og 30. november.

Det er påmeldt 60 stands pr.d.d., av desse er 13 vidaregåande skular, resten er høgskuleutdanning, ulike Opplæringskontor, bedrifter og kommunar i Nordhordland.

### Kontaktopplysningar

Funksjon	Namn	Adresse	Poststad	Mobil
Søklar/prosjekteigar	Nordhordland Utviklingsselskap IKS	Kvassnesveg en 23	5914 ISDALSTØ	90753459
Epost prosjekteigar	post@nordhordland.net			
Kontaktperson	Björg Rydland	Kvassnesveg en 23	5914 ISDALSTØ	41566425
Prosjektleder	Vivian Kårbø	Kvassnesveg en 11	5914 ISDALSTØ	48295902

Søknaden er sendt inn 03.11.2016 av Björg Rydland, bjorg@nordhordland.net

### Motteke offentleg støtte tidlegare: Ja

Har fått kr. 10.000,- frå Opplæringsavdelinga i Hordaland Fylkeskommune i 2014 og i 2015, og vi har søkt i år og.

Frå Næringsfondet som Regionrådet i Nordhordland administrerte, år. 2014 - kr. 35.000.

Tilskot frå Handlingsprogram for næringsutvikling, tilsegn 141-2015, fekk vi innvilga kr.

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNN)

50.000, og fekk utbetalt kr. 45.818,-.

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn**

YOU - messa vart arrangert fyrste gong i 2003 som ein del av Ungprosjektet i regi av Regionrådet i Nordhordland. I år vert messa arrangert for 14.gong.

Tidlegare vart det arrangert mange små messer i dei ulike kommunane i Nordhordland. Ved å gå saman om ei felles regionalmesse fekk ein større mangfald og tilbod til elevane, og det er enklare å få verksemdene til å stilla.

### **Prosjekt mål**

Messa har følgjande målsetting:

Alle elevane skal finne eit utdanningsprogram dei er interessert i på messa, derfor er alle 12 utdanningsprogramma representerte.

Messa er lagt til ettermiddag og kveld slik at foreldra skal kunne besøke messa saman med ungdommane sine og dermed bli oppdatert på utdanningar og opplæringsløp slik dei er i dag!

Messa skal vera ein møtestad mellom ungdom i Nordhordland og lokalt arbeids- og næringsliv i regionen.

### **Forankring**

Det er Nordhordland Utviklingsselskap IKS (Regionrådet) saman med Nordhordland Næringslag, Opplæringskontoret for Nordhordland og rådgjevarar ved skulane i Nordhordland som står ansvarleg for arrangementet.

### **Prosjektorganisering**

Det er nedsett ei arbeidsgruppe som gjennomfører messa. Arbeidsgruppa består av rådgjevarar på skular i regionen, Nordhordland Næringslag, Opplæringskontoret for Nordhordland og Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

### **Samarbeidspartnarar**

Opplæringskontoret Nordhordland, Nordhordland Næringslag, kommunane ved rådgjevarane på ungdomsskulane og Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

### **Aktivitetar**

Messe med stands i Nordhordlandshallen 29. og 30.november 2016 , kl. 17.30 - 20.00 begge dagar.

### **Målgrupper**

9. og 10. klasse elevar + føresatte i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy.

I tillegg er alle elevar som går på Knarvik vgs. og Austrheim vgs. inviterte.

### **Resultat**

Ca. 2000 besøkande dvs. 1000 elevar + foreldre er innom messa på 2 kveldar.

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNN)

Messa samlar alle utdanningsprogram og dei fleste bransjer knytt til Nordhordland og gjev dermed eit godt grunnlag for å ta eit val.

Ungdomsskulane i regionen har gjort arrangementet obligatorisk for sine avgangselevar difor når informasjonen fram til målgruppa.

**Effektar**

At fleire unge vel riktig utdanning, dvs. mindre feilval og fråfall frå vgs.

At elevane blir opplyst om dei utdanningstilboda som finst.

Rekruttering av rett kompetanse til arbeids - og næringslivet i Nordhordland.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Prosjektet (YOU-messa) vert jobba med jamt utover heile året. planlegging generelt, informasjon og førebuing med vidaregåande skular og grunnskulane, kontakt og avtalar med kunder (stands), søknad om midlar frå sponsorar m.v. Kontakt og planlegging med Nordhordlandshallen, lån av ulike type utstyr, oppsett og rydding av hallen m.v.

### Budsjettplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Administrasjon	100 000					100 000
Annonsering	25 000					25 000
div. utgifter messedagane	27 000					27 000
Leige av Nordhordlandshallen	45 000					45 000
Rådgjearsamling	15 000					15 000
Trykking av matriell	20 000					20 000
						<b>SUM 232 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	40 000					40 000
Støtte frå kommunane	136 000					136 000
Støtte frå næringslivet	46 000					46 000
Støtte frå Opplæringsavdelinga Hdl.fylke	10 000					10 000
						<b>SUM 232 000</b>

### Geografi

1252-Modalen, 1256-Meland, 1260-Radøy, 1263-Lindås, 1264-Austrheim, 1265-Fedje, 1266-Masfjorden

### Vedlegg

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNN)

Dokumentnamn	Filstorleik	Dato